

# Guide i jordvern

Det finns slitarar med tru på ei sak og som kan arbeida utruleg lenge for henne og nærma seg kjernen i saka frå fleire innfallsvinklar. Jordvern, vern av matjorda vår er ei slik viktig sak. Tidlegare professor i jordbotnlære dr. Jul Låg er den som har markert seg sterkest og på den mest intelligente måte i arbeidet for vern av matjorda vår. Tidlegare har Låg gitt ut mange bøker der han har skreve om jordvern.

I heftet: *Fører for studium av arealressurser i Asker*, har Låg alliert seg med tidlegare direktør i Det norske jord- og myrselskap, Aksel Tveitnes. Tveitnes er heller ikkje noko ukjent namn i jordvernssamanheng.

Heftet tek for seg i tekst og bilde øydelegginga av fruktbar jord ved nedbygging i Asker. Det vert skildra og illustrert korleis ei rekke framragande

jordbruksområde i Asker har vorte nedbygde.

Det er ikkje berre i Asker slik nedbygging føregår og forfattarane rettar ein alvorleg peikefing til planleggjarane og den måten dei planlegg på og det er nok god grunn til å stilla spørsmålet: Er det planlegging når nedbygginga som hovedsak går ut over god dyrka og dyrkande jord? Kor lenge kan vi som kulturasjon lata dette halda fram? Vi har då nok av lavproduktive område å byggja på.

I heftet reiser forfattarane viktige argument for vern av matjorda. Måtte dei begge leva lenge og ha krefter til å arbeida meir med dette særskilt viktige spørsmålet for etterkomarane våre.

*Olav Fagerbakke.*

*PS.*

Publikasjonen kan bestilles i  
Nesbru Bokhandel,  
1360 Nesbru,  
Tlf.: (02) 84 57 43.

*Red.*